



**Sandøy kommune**  
Rådmann

MOTTATT

19 DES. 2014

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 MOLDE

Dykkar ref.:

Vår ref:2014/270 0

Harøy:17.12.2014

## **Sandøy kommune - Arbeidsprosess kommunereforma**

Vedlagt er utskrift av K-sak 14/54, Sandøy kommune, arbeidsprosess kommunereforma. Saka var behandla i kommunestyret 11.12.2014.

Med helsing  
for Sandøy kommune

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
Rådmann

*Annlaug K. Myklebust*  
Annlaug Knardal Myklebust  
konsulent

Vedlegg



Dato: 16.10.2014  
Arkivref: 2014/270-6 / 000

Saksbeh.: Ann-Heidi Paulsen  
Orvik

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
14/45	Formannskapet	03.11.2014
14/64	Formannskapet	24.11.2014
14/54	Kommunestyret	11.12.2014

## Sandøy kommune, arbeidsprosess kommunereforma

Vedlegg:

- Forventningsbrev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.10.14

### Framlegg til vedtak:

1. Sandøy kommune vedtek oppstart av lokal arbeidsprosess kommunereforma. Prosessen skal invitere til brei medverknad og deltaking i befolkninga.
2. Arbeidet har slikt mandat:
3. Arbeidet blir leia av prosjektorganisasjon slik:
  - Styringsgruppe er kommunestyret
  - Referansegruppe;
    - med slik deltaking; .....
    - med slikt mandat;.....
  - Prosjektgruppe;
    - med slik deltaking; .....
    - med slikt mandat;.....
  - Prosjektsekretær/-leiar, med mandat;
4. Deltakande i prosessen skal vere;
  - Politisk (posisjon og opposisjon)
  - Administrativt
  - Tillitsvalte

- Interessegrupper som f eks ungdomsråd, næringsforum, NHO/LO lokalt
- 5. Arbeidet skal følgje slik milepælplan med aktivitetar og vedtakspunkt:
  - a. Vedtak om arbeidsprosess i Sandøy innan 31.12.2014
  - b. Konstituering av prosjektgruppe og referansegruppe innan ....
  - c. Vedtaking av informasjonsstrategi innan ..
  - d. Vedtaking av milepælplan for aktivitetar lokalt innan ... I denne vil vidare prosess og aktivitet gå fram.
- 6. Informasjonsstrategi skal utformast av prosjektgruppa
- 7. Prosesskostnader i arbeidet skal dekkjast fortrinnsvis av kr 200 000 lovt i skjønnsmidlar frå fylkesmannen for 2015 til dette arbeidet. Midlane førast til ansvar 100 Formannskap og kommunestyret, og det skal setjast opp forslag til budsjett frå prosjektgruppa, som skal vedtakast innan .....

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 03.11.2014**

#### **Behandling:**

Det vart sett fram forslag om å utsetje saka til neste møte i formannskapet 24.11.2014.

#### **Vedtak:**

Samrøystes vedtak som framlegg sett fram i møtet.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 24.11.2014**

#### **Behandling:**

Framlegg sett fram i møtet av ordføraren:

1. Sandøy kommune vedtek oppstart av lokal arbeidsprosess kommunereforma. Prosessen skal invitere til brei medverknad og deltaking i befolkninga.
2. Arbeidet har slikt mandat:  
Kartlegge og innhente informasjon om andre kommunar det kan vere aktuelt å samarbeide vidare med om ei eventuell samanslåing med ein eller fleire kommunar. Lokale prosessar skal nyttast som verktøy for å sikre god lokal deltaking.
3. Arbeidet blir leia av prosjektorganisasjon slik:
  - Styringsgruppe er kommunestyret
  - Referansegruppe;  
Deltakarar frå; Næringslivet, Ungdommens kommunestyre, lag og organisasjonar, velforeiningar, RLF, Eldres råd, tillitsvalde  
med slikt mandat;  
Kome med innspel til prosjektgruppa på kva forventningar dei har til arbeidet mellom kommunane og korleis lokalsamfunnet ser på ei eventuell samanslåing med andre kommunar.

- Prosjektgruppe;  
Administrasjonsutvalet og rådmannen  
med slikt mandat;  
Skal sette opp prosessplan og plukke ut referansegruppe. Utarbeide informasjonsstrategi og milepelsplan for aktivitetar lokalt i tråd med prosessplan. Heile eller delar av prosjektgruppa skal vere med på samtaler mellom aktuelle kommunar i prosessen.
  
- Prosjektsekretær/-leiar skal vere ordførar  
  
med mandat; Skal leie arbeidet i prosjektgruppa og syte for at prosessplanen og milepelsplanen blir følgt.
  
- 4. Deltakande i prosessen skal vere;
  - Politisk (posisjon og opposisjon)
  - Administrativt
  - Tillitsvalte
  - Interessegrupper som f eks ungdomsråd, næringsforum, NHO/LO lokalt
  
- 5. Arbeidet skal følgje slik milepelplan med aktivitetar og vedtakspunkt:
  - a. Vedtak om arbeidsprosess i Sandøy innan 31.12.2014
  - b. Konstituering av prosjektgruppe og referansegruppe innan 01.02.2015
  - c. Vedtaking av informasjonsstrategi innan 01.03.2015
  - d. Vedtaking av milepelplan for aktivitetar lokalt innan 01.03.2015. I denne vil vidare prosess og aktivitet gå fram.
  
- 6. Informasjonsstrategi skal utformast av prosjektgruppa
  
- 7. Prosesskostnader i arbeidet skal dekkjast fortrinnsvis av kr 200 000 lovt i skjønnsmidlar frå fylkesmannen for 2015 til dette arbeidet. Midlane førast til ansvar 100 formannskap og kommunestyre, og det skal setjast opp forslag til budsjett frå prosjektgruppa, som skal vedtakast innan 01.03.2015.

**Vedtak:**

Samrøystes som framlegget sett fram i møtet.

**Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2014**

**Behandling:**

**Vedtak:**

Samrøystes som tilrådinga frå formannskapet.

## SAKSUTGREIING

### **BAKGRUNN FOR SAKA**

Regjeringa varsla hausten 2013 at dei starta opp arbeidet med ein kommunereform der prosessen skulle lede fram til forpliktande vedtak i alle kommunar innan utgangen av gjeldande stortingsperiode (hausten 2017). Arbeidet er starta opp og fylkesmannen i kvart fylke har fått ei rolle i å hjelpe kommunane i prosessen, samt koordinere aktivitet.

Fylkesmannen har i brev datert 15.10.14 oppfordra alle kommunane om å gjere vedtak om lokal prosess innan 31.12.14, og dei som følgjer dette vil få kr 200 000 i tilskot av skjønsmidlar til bruk i dette utviklingsarbeidet i 2015.

Vedlagt saka ligg forventningsbrevet frå fylkesmannen. Det er og vedlagt forslag til mal for arbeidet til støtte for prosessen når ein planlegg og dimensjonerer aktivitet og prosessfart.

### **SAKSOPPLYSNINGAR**

Målet for reforma er uttrykt slik:

- o Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- o Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- o Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- o Styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver

Desse 4 måla skal alle kommunane gjere sine vurderingar av i løpet av prosessen fram mot vedtak våren 2016. Måla bør vere med i alle saker som fremjast politisk om kommunereforma.

Ekspertutvalet kjem med sin sluttrapport til regjeringa 01.12.2014. Denne rapporten inneheld ei vurdering av om kommunane skal få enda fleire oppgåver, og i så fall kva type oppgåver. Dette blir lagt fram i ei Stortingsmelding våren 2015. Fylkesmannen skriv at det er viktig å presisere at om dagens oppgaveportefølje fortset, så er det meir enn god nok grunn til å jobbe med kommunesamanslåingar for å skape robuste kommunar. Om det kjem til fleire oppgåver, så må kommunane bare bli enda meir robuste og solide.

Forslag til nytt inntektssystem kjem i Kommuneproposisjonen våren 2016. Det har allereie no kome signal om at inntektssystemet vil bli lagt om slik at dette er med å underbygge regjeringa si målsetting om færre, større og meir robuste kommunar. Ein kan difor ikkje tillegge dagens inntektssystem ei avgjerande betydning i vurderinga av kva for kommunar som bør slå seg saman.

### **VURDERING**

Rådmannen meiner det må vere opp til kommunestyret og av eige tiltak å vedta kva som skal diskuterast i Sandøy, tilråd prosess, medverknad og deltaking. Nedanfor er likevel nokre råd frå rådmannen med omsyn til mandat, organisering, deltaking og tempo som kan fungere som ei sjekklister for å sikre at alle problemstillingar spelt inn frå fylkesmannen blir drøfta.

Kr 200 000 i tilskot frå skjønsmidlane i 2015 bør avsetjast som fond under ansvar 100, Formannskap og kommunestyre og til ymse politisk verksemd naudsynt i reformprosessen etter nærare plan frå kommunestyret.

#### **A. Mandat for prosessen:**

Det er behov for å utarbeide tydelege mandat og fullmakter for dei ulike fasar og ansvarlege i prosessen, slik at alle kan vere informert, få medvirke på riktig tid og stad slik at unødig støy og slitasje vert avverga.

1. Innleiingsvis må det konkluderast på spørsmåla:
  - Skal Sandøy slå seg saman med ein eller fleire kommunar?
  - Er det realistiske alternativ til dette?
2. Skal ein opne for at kommunen kan delast på noko vis, og dersom ja – korleis?
  - Er det heile eller deler av kommunen som søker samanslåing mot same kommune?
  - Skal Orta, Ona og Sandøya ha høve til å gå til Aukra, og vil Aukra dette?
  - Skal Finnøya og Harøya vurdere samanslåing mot sør?
  - Kva konsekvensar får svara på spørsmåla ovanfor for grenser i sjø og andre øyer, holmar og skjær i kommunen?
3. Kor raskt skal Sandøy kommune ha siktemål om å slå seg saman med ein annan kommune?
  - Stortinget opnar for kommunesamanslåing allereie frå 01.01.2018 om ein har eit alternativ som er "rimeleg omforeint".
  - Krav for å bli med på «lyntoget» er at det blir fatta likelydande vedtak i dei aktuelle kommunane i løpet av hausten 2015.
  - Om Sandøy skal vente til våren 2016 med vedtak, gjennomførast samanslåinga frå 1.1.2020.
  - Kva prosessfart skal Sandøy ha?

## **B. Organisering/ involvering for å få god og lokalt forankra prosess**

Fase 1:

1. Organisere og bestemme kommunereformprosessen i Sandøy
  - Politisk vedtak av mandat og prosess
  - Organisering av prosjektorganisasjon til å leie arbeidet
  - Organisere milepælplan med aktivitetar og vedtakspunkt
  - Utarbeide informasjonsstrategi
  - Invitere til medverknad og deltaking breidt i befolkninga
2. Korleis skal prosessen organiserast i Sandøy
  - Referansegruppe
  - Prosjektgruppe
  - Prosjektsekretær/-leiar
3. Kven skal delta i prosessen
  - Politisk (posisjon og opposisjon).
  - Administrativt
  - Tillitsvalte
  - Interessegrupper som f eks ungdomsråd, næringsforum, NHO/LO lokalt
4. Organisatorisk tilrettelegging:
  1. Behov for meir frikjøp av politikarar til deltaking i møte, forhandlingar og kurs i prosessen må budsjetterast. Fylkesmannen stiller med kr 200 000. Korleis er det ønskje om at desse midlane blir brukt?
  2. Kor ofte vil kommunestyret ha kommunereform oppe som tema på sine møte.

### **C. Informasjonsstrategi – internt og eksternt:**

- Korleis kan vi nå ut til alle innbyggjarane og tilsette med informasjon
- Ta stilling til kvar ansvaret for å informere skal ligge (kven seier kva når og kvar)
- Kva for medium skal vi informere i (bruk av aviser, internett, facebook, epost/ IKKS ol.)

### **D. Faktagrunnlag/innhenting av fakta/utfordringsbilde:**

Rådmannen rår til at det tidleg vert utarbeidd eit førebels lokalt utfordringsbilete med bakgrunn i problemstillingane som dannar grunnlaget for denne reforma. Denne bør danne basis for ei skisse av forventningane til framtida.

- Kva er ein berekraftig og robust kommune for folket i Sandøy?
- Kva betyr gode likeverdige tenester for oss?
- Kva vil vere ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling for Sandøy
- Korleis styrker vi lokaldemokratiet i Sandøy slik at samfunnet kan løfte større/fleire oppgåver

Tilgjengelige kunnskapskjelder i arbeidet:

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utvikla eit verkty med fakta om alle kommunar som er lett tilgjengeleg for alle på nett. [www.nykommune.no](http://www.nykommune.no). Dette verktøyet inneheld kriterium og faktaopplysningar som blant anna Telemarksforskning har brukt i sine tidlegare rapportar om kommunesamanslåingar
- I tillegg er Sandøy med i Sunnmøre regionråd, som har bestilt eit felles kunnskapsgrunnlag. Rapporten skal etter planen vere ferdig til behandling i Representantskapet i veke 48/2014. Rapporten dekkjer alle 20 kommunane på Sunnmøre og fortel meir detaljert om økonomi, styring, ressursbruk og utviklingsplanar i dei einsskilte kommunane.
- Kven er Sandøy kommune sine føretrekte partnerar for dei neste 20-40 år? Kva perspektiv vil ein leggje vekt på i valet? (strategisk næringsutvikling i samanheng med utviklingsbehov til næringslivet lokalt, bu og arbeidsmarknadsregion, arealforvaltning, felles kultur- og identitetsbakgrunn osv)
- Det er gjennomført spørjeundersøking i regi av Sunnmøre regionråd til 2000 innbyggjarar på Sunnmøre hausten 2014. Denne er ein indikator på kva innbyggjarane vil.
- Treng vi folkemøte eller spørjeundersøkingar for å klargjøre alternativ og mandat?

### **E. Folkemøte/temamøte/involvering:**

Kommunestyret må frå starten av prosessen ta stilling til korleis innbyggjarar, organisasjonar og tilsette skal involverast på ein god måte.

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet held på å utarbeide spørjeundersøking som alle kommunar kan velje å bruke.
- Skal det vere temamøte, folkemøte, møte saman med innbyggjarar i andre kommunar, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar med meir?
- Folkeavstemming er noko brukt, men korleis sikre at innbyggjarane veit kva dei blir spurt om og konsekvensane av det dei svarer i så kompliserte spørsmål med så mange ulike konsekvensar? Når skal evt denne haldast for å ha ein rådgjevande effekt?

### **F. Kommunane sin eigen aktivitets- og milepælsplan:**

- Det bør utarbeidast og vedtakast ein lokal milepælsplan som viser dei ulike aktivitetane
- Aktivitetsplanen kan og bør justerast etter kvart som prosessen går framover
- Aktivitetsplanen med milepælar må vere slik at kvar einsskild kommune sommaren 2016 kan seie at ein faktisk fekk til å køyre ein god lokal prosess i forbindelse med kommunereforma.

## ØKONOMISKE KONSEKVENSA

Vedtek Sandøy kommune ein prosessplan innan 31.12.2014 , som viser at vi vil utgreie spørsmålet om kommunereform på ein forsvarleg og involverande måte innan sommaren 2016 vil vi få utbetalt kr 200 000 i skjønstilskot frå fylkesmannen til bruk i arbeidet.

Dette tilskotet rår rådmannen til vert sett i bunde fond under ansvar 100 formannskap og kommunestyre, og blir nytta til reformarbeid i tråd med plan.

## KONKLUSJON

Rådmannen anbefaler at kommunestyret gjer dei vedtak som sikrar eit tydelig mandat for kommunereformarbeidet i Sandøy, og organiserer ein forsvarleg prosess for å ivareta kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet sine interesser på best muleg måte gjennom prosessen.

Rådmannen rår til at kommunestyret også vedtek korleis ein ser føre seg å nytte skjønstilskotet med kr 200 000 i arbeidet, då den ordinære budsjetttramma i liten grad gjev rom for auke i utgifter til reformarbeidet.

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
Rådmann

Utskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Rett utskrift  
Sandøy kommune, 12.12.2014

*Annlaug K. Myklebust*

Annlaug Knardal Myklebust  
møtesekretær